

Styremøte 1-2017 - Referat

Tysdag 17. januar 2016 kl. 18:00 hos Inge

Desse deltok: Terje Edvardsen, Alvin Honningsvåg, Arne Hjertenes, Inge Bakke.

Saker

1. Klubbhus

Styret må vurdere den økonomiske situasjonen i laget og utsiktene til å gjennomføre bygginga ved hjelp av dugnad. På dette grunnlag må styret kunne gje ei tilråding til årsmøtet.

Vedtak:

Styret meiner at eit klubbhus i hamna vil ha stor betydning for det sosiale miljøet i laget. I tillegg vil det ha praktisk nytte i samband med oppbevaring av reiskap, dugnad og vakthald. Under føresetnad av at årsavgifta vert oppretthalden på noverande nivå vil det vere økonomisk forsvarleg å finansiere bygget 100 % med lån med 15 års nedbetalingstid. Noverande lånebyrde er på 220 000 kroner. Total lånebyrde gir dermed ca. 80 000 kroner per år i renter og avdrag.

Kassebeholdning er ca. 60 000 kroner. Grunn- og byggearbeid må gjerast på dugnad. Manglande deltaking på dugnad i løpet av året vil koste det samme som hittil.

Hamna forøvrig har ikkje store investeringar i vente dei komande åra.

Styret tilrår derfor å starte bygging umiddelbart.

2. Årsmøtet

Tidspunkt

Måndag 10. februar kl. 18:00

Stad

Åheimsbuda

Saker

1. Årsmelding
2. Rekneskap
3. Fastsetjing av
 - a. Årlig medlemskontingent
 - b. Størrelse på andelar
 - c. Frikjøp dugnad
 - d. Prisar ved slipping
 - e. Strømgift
4. Budsjett
5. Val
 - a. Leiar

- b. Styremedlemmar
 - c. Varamedlem til styret
 - d. Revisorar
 - e. Valnemnd
6. Saker frå medlemmane
- a. Røystegjeving på årsmøta (sjå vedlegg).
Styret foreslår at vedtektsendringa leggjast inn i paragraf 7 før «Årsmøtet skal behandle:» i staden for i punkt 7 i paragraf 7.
7. Saker frå styret
- a. Prisar for slipping for slippmannskap (sjå vedlegg)
 - b. Storleik av båtar (sjå vedlegg)
 - c. Arvereglar (sjå vedlegg)
8. Sak frå forrige årsmøtet
- a. Bygging av klubbhus
Årsmøtet 2016 påla styret å utrede plan for bygging av klubbhus i hamna.
Byggeplan ligg føre. Prisanslag: 656 000 kroner. Planen leggjast fram for årsmøtet og er omtalt i vedlegg til innkallinga.

MØTET SLUTT